
Vår referanse 2021/27713-7
Dato 08.09.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad - minihus - gnr 465 bnr 11 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjons-søknad, datert 12.08.2021. Vi viser til telefonsamtale med kommunen om saka.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova. §19-1. Vi har og klagerett i slike saker. Før søknaden vert handsama etter veglova, er det behov for å avklare tiltaket etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar.


Planstatus

Eigedomen er uregulert og ligg i det som i kommunedelplanen sin arealdel for Radøy er definert som LNF-SBE føremål. Kommunen opplyste om at forholdet til planstatus skal opp til vurdering i kommunen før vedtak.

Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF for oppføring av eit minihus på eigedomen. I samband med oppføring av ny bustad er det behov for avkørselsløyve etter veglova.

Etter det vi kan sjå så ligg ikkje eigedomen LNF som opplyst i oversendingsbrevet, men i LNF-SBE spreidd bustadbygging innanfor feltet Frotjol/Nortaule. Kommunen opplyser at det i KPA framleis er løyve til to nye bustadar. Difor må Alver kommune sjå på om det trengs dispensasjon frå arealføremål, eller om saka kan handsamast som ein byggesøknad.



Utsnitt frå fylkesatlas kart med KPA som temalag.

Vi har motteke søknad om utvida bruk av avkørsla til fylkesveg 565 Slettevegen. Vi ventar med å handsame søknad om utvida bruk til Alver kommune har handsama søknad om dispensasjon frå arealføremålet.

Vestland fylkeskommune er kritisk til meir utbygging her grunna avkørsla. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse streng jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier at «Godkjenning til

utvida bruk bør avgrensast. Dette gjeld særleg for bustadavkøyrslar.» Avkøyrsla som ho ligg i dag har ikkje tilfredsstillande utforming, dette gjeld spesielt svingradius og sikt i avkøyrsepunktet.

Vi meiner det trengs større tiltak til for at avkøyrsla skal få tilfredsstillande utforming. I tillegg er privatvegen frå fylkesvegen svært bratt, så denne bør sjåast på med krava for tilkomstveg etter KPA.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift